

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Fylkesordførar gav slikt svar:

«Interpellanten skal ha ros for å ta opp eit viktig og stadig aktuelt tema. Fylkesordføraren kan opplyse om følgjande:

Vestland fylkeskommune har etablert ein rutine for varsling i den nye organisasjonen. Både hovudtillitsvalde og fylkeshovudverneomboda har delteke i prosessen.

Rutinen byggjar vidare på retningslinjer for varsling som vart utarbeidd i dei to tidlegare fylkeskommunane og er revidert i tråd med aktuelle lovendringar. Interpellanten kan om ønskeleg få oversendt denne rutinen.

Det er etablert ein eigen modul for varsling i det nye kvalitetsstyringssystemet til Vestland fylkeskommune. Her kan tilsette om ønskeleg også varsle anonymt. Varsel kan både sendast i linja eller direkte til varslingsutvalet. Dette utvalet er etablert utanfor vanleg styringslinje og vert oppnemnt av fylkesrådmannen etter drøfting med dei hovudtillitsvalde. Medlemmane i varslingsutvalet skal vere tilsette med høg personleg integritet og som nyt stor tillit og respekt i organisasjonen. Av omsyn til habilitet i sakshandsaminga skal dei ikkje innehå aktive funksjonar som leiarar eller tillitsvalde eller vere knytt til sentrale einingar som t.d. HR.

I tråd med rutinen skal det sentrale arbeidsmiljøutvalet, fylkesutvalet og kontrollutvalet årleg få ein rapport frå varslingsutvalet som mellom anna skal innehalde informasjon om følgjande:

Talet på saker som er mottekne etter varslingsrutinen hos det sentrale varslingsutvalet

Kva forhold det har blitt varsla om

Korleis saker om varsling har blitt handtert (m.a. bruk av ekstern gransking m.v.)

Eventuelle eksterne varslingar til offentlege styresmakter og/eller offentlegheit

Når det gjeld folkevalde er det etablert ein tilsvarende rutine for varsling som går fram av handboka for folkevalde. Rutinen ligg og tilgjengeleg på nettsida www.vlfk.no

Fylkesordføraren er oppteken av at Vestland fylkeskommune skal ha ein organisasjonskultur der ein arbeider systematisk for forbetring og utvikling og at den fylkeskommunale forvaltninga skal vere open og transparent i alle ledd. Fylkesordføraren vil be fylkesrådmannen syte for at rutinen for varsling vert gjort godt kjent i organisasjonen og at temaet varsling vert følgd særleg opp i den kommande medarbeidarundersøkinga. Fylkesordføraren ser vidare fram til å få oversendt den første årsmeldinga frå varslingsutvalet i Vestland fylkeskommune tidleg i 2021.»

Morten Klementsen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Vestland Fylkesting ber om at kontrollutvalget gjennomgår varslingsrutinene for fylkeskommunen, og undersøker hvordan de gjeldende rutinene har fungert så langt. Dette, for å sikre at fylkeskommunen har adekvate og gode interne rutiner som fungerer effektivt, både for ansatte, arbeidsgiver og innbyggerne. Kontrollutvalget leverer sin rapport til Fylkestinget innen rimelig tid.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

Fylkestinget vedtok å realitetsbehandle forslaget mot 11 røyster (Sp, 1KrF).

Forslaget vart handsama som PS 85/20 «Behov for å verne om varslingsinstituttet».